

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 02.11.2022
Vår ref.: 202218960-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 22/3426 - 22/75821

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE sitt innspel - Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for robuste bustadar i Knarvik - Gnr. 188 bnr. 106 mfl. - Alver kommune

Vi viser til brev datert 03.10.2022. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for gnr. 188 bnr. 106. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for 7 stk. omsorgsbustader og ein personalbase. Bustadene skal ha eige uteareal/terrasse med moglegheit for sol og skugge.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Konkrete innspel

De må vurdere fare for områdeskred av kvikkleire

Planområdet har skråningar ned mot vassdraget Kvassnesstemma, og ligg under marin grense. I område under marin grense kan ein ikkje utelukka førekomstar av kvikkleire. Fare for områdeskred av kvikkleire må difor vere eit tema i ROS analysen. Vi rår dykk til å nytte prosedyren kapittel 3.2. i [NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) så langt som det er naudsynt for å avklare faren for områdeskred av kvikkleire.

Vassdrag

Dersom planen legg opp til inngrep i Kvassnesstemma må tiltaka vurderast etter vassressurslova (vrl.) i samband med planhandsaminga. Det er viktig at planen gir ei god skildring av inngrepa og at de har vurdert konsekvensane for ålmenne interesser i vassdraget. Som døme på ålmenne interesser kan vi nemne fiskens frie gong, ålmenn



ferdsel, naturvern, biologisk mangfold, vitenskapelig interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb.

Planen bør legge til rette for kantvegetasjon

I vrl. §11 er det krav om at det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Med unnatak av område der det er naudsynt med tilgang til vassdraget, oppmodar vi om at de legg til rette for eit vegetasjonsbelte i samsvar med intensjonen i vrl. §11.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Alver kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

